

Saksbehandlar: Anita Foss Midlang, Helse og omsorg  
Sak nr.: 21/3352-1

## Rusmiddelpolitisk handlingsplan

**Rådmannen rår komité for levekår til å gje slik tilråding:  
Komité for levekår rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**  
føre

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2021-2024 blir vedteken slik den ligg føre.

### **Vedlegg:**

Rusmiddelpolitisk handlingsplan Sogndal kommune 2021-2024.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I alkohollova § 1-7 d heiter det at kommunane skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan som skal rullerast kvart fjerde år. I tråd med Helsedirektoratet sine tilrådingar er det utarbeida ein heilskapleg handlingsplan.

Planen har til hensikt å samordne kommunen sin rusmiddelpolitikk og satsingar på området. Den er eit tverrsektorielt og tverrfagleg reiskap der tiltak og utviklingstrekk blir synleggjort. Dette omfattar alle typar førebyggjande arbeid, folkehelsearbeid, informasjonstiltak, haldningsskapande arbeid samt oppfølging og rehabilitering.

I tillegg til oppfølging av lovkravet er målet med planen å sikre systematisk og tverrfagleg arbeid med rusførebygging, skjenkepolitikk og oppfølgingstiltak. Planen omhandlar også oversikt over eksisterande tiltak for førebygging og oppfølging, samt ei skildring av aktuelle nye tiltak. Tiltaksoversikta i planen syner at kommunen har eit differensiert og mangfaldig tilbod.

Alkohollova har klare reglar for sal og skjenking av alkohol. Det vert lagt vekt på kvalifikasjon hjå løyvehavar, det vil seie godkjend kunnskapsprøve for sal/skjenking av alkohol. Dette gjeld både dei som har generelle løyve og dei som er ansvarlege for skjenking til opne arrangement (festivalar, konsertar o.l.). På denne måten sikrar ein at sal og skjenking vert følgd opp av personar som kjenner lovverket og at verksemdene har tilfredstillande internkontroll.

Føremålet med alkohollova er å regulere innførsel og omsetnad av alkoholholdig drikk for i størst mogleg utstrekning å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadene som alkoholbruk kan innebære. Lova slår fast at avgrensing av alkoholforbruket er eit ledd i dette.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Planen bygger på rusmiddelpolitisk handlingsplan frå tidlegare planverk i Balestrand, Leikanger og Sogndal kommunar. Det er henta inn status frå aktuelle tenesteområde og brukarar, oppdaterte nasjonale føringar samt tal frå sal- og skjenkestader, statistikk og undersøkingar. Planen har vore sendt ut til innvolverte partar for innspel. Det er motteke uttale frå einingane for psykisk helse og rus, politiet og Rusettervernet i Sogn og Fjordane ved Etterverngruppa i Sogndal. Desse har vore viktige bidragsytarar til planarbeidet.

Rusmiddelproblem er samansett og det må difor etablerast eit heilskapleg tenestetilbod. Planen er difor tverrfagleg og skildrar alle sider av kommunen sitt rusmiddelarbeid. I dette ligg alle typar førebyggjande arbeid, som til dømes løyvepolitikk, informasjonstiltak og haldningsskapande arbeid, samt oppfølging og rehabilitering av rusmisbrukarar. Føremålet er at kommunen sitt arbeid vert sett i samanheng.

#### *Økonomi*

I hovudsak er denne planen ei vidareføring av strategi og tiltak frå tidlegare planar. Mange av oppgåvene er allereie tekne i vare i kommunen sine einingar og budsjett.

### **4. Konklusjon**

Rådmannen tilrår at ein vedtek rusmiddelpolitisk handlingsplan for Sogndal kommune 2021-2024. Planen skal leggjast til grunn for kommunen sin samla innsats på det rusmiddelpolitiske området i planperioden.